



30 år sidan Tsjernobyl: Konsekvensar for sørsamane

Tsjernobyl-ulykka hadde dramatiske konsekvensar for reindriften i Midt- og Sør-Noreg. Framleis er det behov for tiltak og kontroll av rein, og Strålevernet fortsett med målingar av forureining i reindriftingsamane. Nivåa i samane held seg relativt jamt og høgare enn i resten av befolkninga, utan at det er grunn til uro for helsekonsekvensar av strålinga.



Reinsbukk valt ut for slaktning i Skæhkere sijte (Skjækerfjell reinbeitedistrikt). Foto: Lavrans Skuterud Statens strålevern.

Vind og vær gjorde at reinbeiteområda i Midt- og Sør-Noreg fekk mest Tsjernobyl-forureining våren 1986. Erfaringane med forureininga frå atomprøvesprengingane på 1950- og 1960-talet gjorde at myndigheitene allereie sommaren 1986 skjønna at Tsjernobyl-nedfallet kunne ha konsekvensar for reindriften i «ein mannsalder». Drastiske tiltak vart satt i verk for å hindre forureining i reinkjøtt, for at utøvarane skulle kunne selje kjøttet dei produserte og for å berge reindriften. I tillegg til tiltaka retta mot sjølve reindriften, vart det utarbeidd eigne kosthaldsråd med tilråding om kor mykje dei burde ete av mat med ulike forureiningsnivå, og korleis forureiningsnivå kunne reduserast gjennom matlaging.

På langvarig «diett»


Mange av reindriftingsfamiliene har følgd kosthaldsråda. I ca. 20 år fekk også mange av dei

«kompensasjon for alternativt kosthald» for at økonomi ikkje skulle tvinge dei til å ete det mest forureina kjøttet. Alle dei langvarige tiltaka og tilpassingane som reindriftingsamane har gjort, både som næringsutøvarar og privatpersonar, har i tillegg til dei økonomiske også hatt kulturelle konsekvensar t.d. for mattradisjonar og handverk.

Strålevernet sine undersøkingar

For å overvake kva stråledoser reindriftingsamane vart utsette for, starta Strålevernet våren 1987 å tilby målingar av radioaktivt cesium i kroppen for dei som måtte ønske det. Dette var ei type undersøking Strålevernet hadde drivi med i Kautokeino sidan 1965. Undersøkingane blir no gjennomført annakvart år, og sist i 2015. På grunn av behovet for tiltak, både for å redusere forureining i rein og inntak av forureining blant sørsamane, fekk undersøkingane i Midt- og Sør-Noreg også ei anna

rolle enn overvaking av stråledoser: Her vart målingane også ein effektiv sjekk på om det dei enkelte gjorde for å avgrense kor mykje forureining dei fekk i seg hadde den effekten dei ønskte. Undersøkingane har i alle år vore ein viktig arena for samtalar og utveksling av informasjon om forureining, stråling og risiko – og dette er også ein viktig grunn til at vi fortsett med dei.



Cesium-137 i reindriftsammar rundt Snåsa og Røros etter Tsjernobyl (snitt for kvinner og menn). Den stipla lina indikerer den tilrådde årlege dosegrensa.

Inga endring siste år

Nivåa av forureining i reindriftssamane auka dei fyrste åra, og minka så kraftig fram til midten av 1990-talet. Dette reflekterer både bruk av tiltak og den relativt raske nedgangen i forureining i reinsdyr som vi såg gjennom det fyrste 10-året etter Tsjernobyl-ulykka. Deretter har nivåa av forureining minka saktare, og dei siste 5–10 åra er det knapt nokon nedgang i det heile. Dette skuldast både at det er ganske lite endring i forureining i reinsdyra den same perioden, samt at nivåa i reinkjøttet er såpass låge at færre har behov for å passe på kor mykje forureining dei får i seg.

Høge – men akseptable – nivå

Tsjernobyl-nedfallet gjorde at sørsamane «over natta» gjekk frå eit naturbasert og svært reint kosthald til eit av dei mest radioaktivt forureina kosthalda i verda. Etter 30 år er dei framleis blant dei befolkningsgruppene i verda med høgast nivå av radioaktivt cesium i kroppen. Dei fyrste åra etter Tsjernobyl-ulykka var det mange sørsamar som fekk

stråledosar over dei tilrådde maksimumsgrensene. Utan alt som vart gjort for å avgrense forureininga kunne stråledosane til sørsamane i dei mest forureina områda vore 10 gonger høgare enn det dei vart.

Ut frå den kunnskapen vi har i dag har vi ingen grunn til å tru at det vil bli auka kreftførekost blant reindriftsutøvarar pga. radioaktiv forureining.



Undersøking av forureining i ein av reindriftsamane frå Røros i Strålevernet sitt mobile laboratorium i 2011. Foto: Geir Tønset, Adresseavisen.

Kjelder til meir informasjon

StrålevernInfo 4:2016. 30 år sidan Tsjernobyl: Kor mange fleire år med tiltak i reindrifta?

StrålevernInfo 6:2011. 25 år med Tsjernobyl: Mottiltak er framleis nødvendige for å halde stråledosane til reindriftsutøvarane under tilrådde grenser

StrålevernInfo 2006:8. Strålevernets mobile laboratorium.

StrålevernRapport 2012:11. Radioaktiv forurensning i befolkningen – Reindriftsutøvere og andre personer i Kautokeino 1965-2010